

Møtereferat

Møte: Tlf møte i AU Midt-Norge
Tid/Sted: Tysdag 07.05.19 kl 10 – kl 11
Tilstede: Lars Morten Rosmo, Ragnar Valstad, Kolbjørn Frøseth, Johan Kristian Daling, Bård Tore Berntsen, Olav Håkon Ulfsnes og Roy Albertsen
Forfall: Borgny Grande og Sverre Tyldum
Kopi til: Vara AU, leiargruppa region Midt og Tor Olav Brandtzæg
Referent: Brit Kari Eidseflot Hauger

Molde, 07.05.2019

Sak nr.	Emne	Ansvar
1	Info om framtidig løysing for inntransport i Midt-Norge Roy orienterte om at infoen har sperrefrist til kl 16 i dag. Møte med transportørane og sjåførane frå kl 15. Gjekk gjennom presentasjonen som skal nyttast i møtet. <u>Spørsmål/kommentarar:</u> <ul style="list-style-type: none">• Reduksjon i CO₂ berre pga færre km, ikkje anna type drivstoff? Svar: Også pga biodrivstoff• Kven eig Notra? Svar: Nortura og Litra AS, med 50/50 eigarandel• Viktig at infoen ikkje vert spreidd før møtet. Spannande, bra at dette skjer no og ikkje om eit år.• Skjer same prosessen i dei andre regionane no? Svar: Lite endringar i region Nord. Øst: Notra startar opp no. Vest: Eigen prosess.• Vert mange transportørar som vil påverke bønder m.a. om beitekøyning. Svar: Beitekøyning vert fortsatt mogeleg gjennom Notra.• Nye bilar på biogass, mogeleg i praksis? Svar: Redusere km viktigast, biogass kjem på sikt med teknologien.• Nortra med personell frå Nortura, eller berre frå Litra? Svar: Planleggarane fortset i Nortura.• Eigarbrevet skulle vore skrive under enten med alle med alle AU-medlemene eller Lars Morten på vegne av AU. Svar: Det ordnar vi.• Forholdet ml Nortra og selskapa, med 50 – 50 kan det verte justert? Svar: Lågast mogeleg kostnad er målet, røfleg 50 – 50 framover.• Gunstig med meir enn ein underleverandør. Svar: Ønske er minst 2 levr. Skal veljast av Notra.• Ryddig og nyttig gjennomgang. Hektisk med forhandlingar framover. Vert bilar til overs.• Kven deltek på møtet i dag? Svar: Lars Morten, Silje, Roy, planleggarane, innkjøpssjef Torbjørn Kristensen og leiar og nestleiar på Nortura Malvik.• Lars Morten: 27. mai er sett av til AU-møte, vert fysisk møte. Må få til tlf møter med kretsleiarane med tema inntransport no.• Lurt med tlf møte med kretsleiarane, for eigarskap til informasjonen. Få med i eigarbrevet at årsmøtet var tydeleg på gjennomføring?• "Region Midt fylgjer opp årsmøtet si bestilling", kan nemnast i Eigarbrevet. Tlf møte med kretsleiarane bør organiserast snarast. Er det vurdert reaksjonar/motreksjonar frå nokon av transportørane?• Boikott vil ikkje vere god søknad for vidare samarbeid.• Transportørane har kontrakt dei må forholde seg til, så er bundne og må få konsekvensar viss det verte oppfordra til boikott og leveransar til andre.• Må raskt signalisere møte med kretsleiarane. Viktig å få fram krava til underleverandørar, er frykt for utanlandske aktørar.	

- Roy bør delta på tlf møta med kretsleiarane, saman med AU. Møteleing av Lars Morten og Ragnar.
- Brit Kari sender ut beskjed til RU i dag om at det vert tlf møter med kretsleiarane i neste veke. Tlf møte for planlegging fredag med Lars Morten, Ragnar, Roy og Brit Kari.
- Fysisk møte i AU måndag 27. mai på Nortura Malvik.
- Oppfordre transportørane i møtet i dag til å kontakte AU-medlemene framfor øvrige eigarar.

2 **Innspel til info i Eigarbrev**

- Sjå ovanfor.